



Saksbehandlar: Atle Skrede, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/7784-14

Vilkår for tildelt fylkeskommunal støtte til idrettsanlegg

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. For utbetaling av fylkestinget sine løyvingar i sak 30/18 om tilskot til fotballhall i Flora, Arena Stryn, skyteanlegg i Fjalerhallen og klatreanlegg i Sognehallen, vert vilkåra i regelverket for spelemiddelfinansieringa lagt til grunn. I dette ligg m.a. at:
 - Prosjekta må vere dokumentert fullfinansierte.
 - Dokumentasjon om rett til bruk av grunn og godkjend reguleringsplan for området må ligge føre – i dei tilfelle det er relevant.
2. Dei aktuelle tilseagna står ved lag i 3 – tre – år rekna frå tidspunktet for FT sitt vedtak.
3. Fylkesrådmannen set nærmere frist for rapport og rekneskap når realiseringa av det enkelte anlegget er avklara.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I FT sitt vedtak i sak 30/2018, Tertiarrapport 1/2018, vart det m.a. gjort følgjande vedtak:

Det vert løyvd 15,5 millionar kroner i investeringsstøtte til følgjande idrettsanlegg i tråd med innkomne søknader:

- Flora kommune - Storhall Vest i Flora: 10,0 mill. kr
- Fjaler kommune - Skytebane i Fjalerhallen: 1,5 mill. kr
- Stryn Turn og Idrettslag - Ulike hallanlegg i Arena Stryn: 4 mill. kr

Bufferfondet vert redusert tilsvarende med 15,5 mill. kr. Fylkesutvalet får mynde til å fastsette vilkår for utbetaling av tilskota, herunder krav om fullfinansiering og godkjende planar for anlegget.

Det vert løyvd 0,5 millionar kroner i investeringsstøtte til -Sogndal Fotball – 3 klatreanlegg i Sognehallen. Bufferfondet vert redusert tilsvarende med 0,5 mill. kr

Det ligg i vedtaket at FU har fått fullmakt til å fastsetje nærmere vilkår for utbetalingane. Fylkesrådmannen legg no fram sak om dette.

2. Vurderingar og konsekvensar – vilkår for utbetaling av løyving

For å få utbetalt det løyvde tilskotet, legg ein til grunn at prosjekta vert realiserte i tråd med innhald i søknadane.

Dei fire prosjekta er alle spelt inn til regional plan for spelemiddelfinansiering. Arena Stryn ligg i handlingsprogram for 2019, dei andre ligg i langsigting del. Fylkesrådmannen legg såleis til grunn at søkjearane følgjer opp visjonen i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 - 2019; fysisk aktivitet for alle. I dette ligg at anlegga er opne for alle, har fokus på universell utforming og at det er realisme i etableringa av anlegga.

Krav for å bli godkjent for spelemiddelfinansiering legg føringar for dei vilkåra som vert sett. Frist for å søkje fylkeskommunen om spelemidlar til etablering av idrettsanlegg er 15. januar kvart år. Fylkesrådmannen vil be om at tilskotsmottakarane sender inn søknadene sine og får ei vurdering av driftsplan, idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning med behovsvurdering i tillegg til nemnde vilkår innan 1.oktober 2018. Fylkesrådmannen vurderer å avgrense fylkeskommunalt tilskot til inntil 20 % av totalkostnaden i prosjektet.

Fylkesrådmannen rår til at regelverket for spelemiddelfinansiering vert lagt til grunn for utbetaling av det fylkeskommunale tilskotet, og vil m.a. peika på følgjande:

- **Fullfinansiering av anlegget:** Ved utbetaling av tildelte midlar, må anlegget vere dokumentert fullfinansiert tilsvarende spelemiddelordninga. Kopi av vedtak om kommunal medfinansiering tilsvarende fylkeskommunalt tilskot er ein føresetnad for utbetaling av fylkeskommunalt tilskot.
- **Rett til bruk av grunn:** Ved utbetaling av tildelte midlar, vert det stilt vilkår om dokumentasjon til rett til bruk av grunn og godkjend reguleringsplan for området – i dei tilfelle det er relevant.
- **Ferdigstilling av prosjektet:** Ved utbetaling av tildelte midlar, vert det stilt vilkår om at anlegget vert realisert som skissert og at fylkeskommunen får seg førelagt endeleg kostnadsramme, finansieringsplan og driftsplan dersom ulike rammevilkår vert endra for å realisere prosjektet. Dersom anlegget ikkje vert realisert eller det vert nedskalert av ulike årsaker, vert tildelinga anten avkorta eller inndrege.

Det fylkeskommunale tilskotet står ved lag i 3 – tre – år frå FT sitt vedtak. Frist for ferdigstilling og rapport med revidert anleggsrekneskap vert sett når realiseringa av det enkelte anlegget er nærmere avklara.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen viser til drøftingane i saka og legg til grunn dei vilkår som er sett for fylkeskommunal støtte til idrettsanlegg og ber FU om å fatte vedtak i tråd med dette.